

Litteraturformidling i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

- 1 Rapporten "Litteraturformidling i Sogn og Fjordane. Eit tilbod for framtida" vert lagt til grunn for fylkeskommunen sitt vidare arbeid med litteraturformidling til barn og unge i fylket, jfr. vedlegg 1.
- 2 Fylkestinget føreset at arbeidet med litteraturformidling til barn og unge vert samordna med satsinga på Den Kulturelle Skulesekken lokalt og regionalt.
- 3 Vidare utvikling og gjennomføring av litteraturformidlinga til barn og unge vert gjort i nært samarbeid med kommunane, fylkesmannen, Høgskulen og andre nærliggjande instansar.
- 4 Sogn og Fjordane fylkeskommune fornyar ikkje leigeavtalen med bokbåten når denne avtalen går ut 31.08.05.
- 5 Det budsjettmessige omfanget av satsinga vert vurdert i samband med budsjett 2006/økonomiplan 2006-2009.

Prenta vedlegg:

- 1 Litteraturformidling i Sogn og Fjordane. Eit tilbod for framtida. Utgreiing frå Sogn og Fjordane fylkesbibliotek.
- 2 Bokbåten 2005 – bokbåtruta våren 2005 og kulturprogram
- 3 Utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken 2004-2007
- 4 Den Kulturelle Skulesekken – tilbod skuleåret 2005-2006.

Uprenta vedlegg:

- 1 Budsjett 2005/økonomiplan 2005-2008

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

I samband med budsjettarbeidet for 2005 vart det fremja forslag om å avvikle bokbåten f.o.m. 2. halvår 2005. Fylkestinget ba hovudutval for kultur komme tilbake med ei sak som viser korleis ein kan halde oppe det tenestetilbodet bokbåten i dag dekkjer. Avtalen om leige av bokbåten går ut 31.08.05, og Fylkestinget må ta stilling til om dei ønskjer forlenga avtale.

Gjennom utgreiinga "Litteraturformidling i Sogn og Fjordane" vert tiltak innan litteraturformidling, lesestimulering, m.m. drøfta. Ulike strategiar vert foreslått.

Hovudutval for kultur har i sak 34/04 gjort vedtak om at Den kulturelle skulesekken skal vere ei prioritert satsing på kultur-/skulesamarbeidet i fylket i åra framover.

Fylkesrådmannen ser tiltak innan litteraturformidling, lesestimulering, m.m. som naturleg del av ein samla "skulesekkparaply" i fylket. Etter fylkesrådmannen si vurdering kan det tenestetilbodet bokbåten i dag tilbyr sikrast gjennom ei samordna satsing innan Den kulturelle skulesekken. Hovudutval for kultur bør få fullmakt til å disponere dei samla midlane ein vel å løyve til dette føremålet.

Omleggingane og evt nye tiltak som resultat av at ein del stader misser gode kulturtilbod, må drøftast med kommunane. Ut frå dette rår fylkesrådmannen til at avtalen om leige av bokbåten ikkje vert fornya.

2. BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist

I samband med budsjettarbeidet for 2005 vart det lagt opp til å avvikle Bokbåten. Utfasinga skulle skje frå 2. halvår 2005 (avtaleperioden går ut 31.08.05). Det var føresett ei innsparing tilsvarande 0,350 mill kr i 2005 aukande til 1,0 mill kr f.o.m 2007. I slutthandsaminga av budsjettet vedtok FT mellom anna følgjande (sak 46/04):

- "1. Fylkestinget har som mål å oppretthalde tenestetilbodet som bokbåten i dag dekker. Hovudutval for kultur blir oppmoda om å komme tilbake til dette i eiga sak slik at dette kan innarbeidast i budsjettet for 2006.
2. Påplussingar i driftsprogrammet 2005-2008:

| | <u>2005</u> | <u>2006</u> | <u>2007</u> | <u>2008</u> |
|----------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Bokbåten | 0,350 | | |" |

Hovudutval for kultur drøfta saka i HK-sak 01/05, og gjorde m.a. følgjande vedtak:

- "4 Hovudutval for kultur ber fylkesdirektøren om å leggje fram ei eiga sak våren 2005 der bokbåtenestene vert vurdert opp mot den samla satsinga på kulturformidling i regi av "Den Kulturelle Skulesekken"."

Fylkesdirektøren har følgd opp vedtaka gjennom eit utgreiingsarbeid som Fylkesbiblioteket har gjennomført (jfr. vedlegg 1 "Litteraturformidling i Sogn og Fjordane").

Ettersom leigeavtalen med bokbåten går ut 31.08.05, finn fylkesrådmannen det rett å leggje saka fram for Fylkestinget no, slik at Fylkestinget kan sjå innhaldet i utgreiinga i samanheng med mogleg fornya leigeavtale for bokbåten eller ikkje. Det er Hordaland fylkeskommune v/innkjøpskontoret som gjennomfører forhandlingane og inngår avtale på vegner av dei deltakande fylkeskommunane (Møre og Romsdal, Hordaland og Sogn og Fjordane). Hordaland fylkeskommune er no iferd med å førebu ny forhandlingsrunde.

Problemanalyse

Mobil bibliotekteneste

Bokbuss og bokbåt er eit supplerande bibliotek- og kulturtilbod til utkantstrok i Sogn og Fjordane, og vert drifta av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek. Fylkesbiblioteket er eit service- og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket. Verksemda følgjer lov om fylkesbibliotek. I tillegg til mobil bibliotekteneste, driv Fylkesbiblioteket kompetansehevingstiltak for bibliotekpersonalet i fylket, lesestimulering for barn, deltek i utviklinga av ABM-samarbeidet i fylket (arkiv, bibliotek og museum).

Bokbussen er ei teneste som vert driven i samarbeid med Firda Billag. Frå og med hausten 2005 har følgjande kommunar avtale med fylkeskommunen om bokbussteneste: Bremanger, Fjaler, Førde, Høyanger og Naustdal. Store deler av utlånet frå bokbuss og bokbåt er til barn og unge. Omfanget av bokbusstenesta er no på eit nivå der det må vurderast om dette framleis skal vere ei prioritert teneste frå fylkeskommunen, evt kva innhaldsmessige/organisatoriske/økonomiske endringar som bør gjerast for at bokbussen skal framstå som ei attraktiv teneste.

Bokbåten er eit samarbeidstiltak mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. 13 kommunar i Sogn og Fjordane nytta bokbåten sine tilbod i 2004. Siste runde (våren 2005) vitja båten 38 stader i Sogn og Fjordane (jfr. vedlegg 2). På 29 av desse stadane vart det også tilbydd kulturprogram i tillegg til bokutlånet. Kommunane i Sogn og Fjordane betalar ein timepris på kr. 1280. I Hordaland og Møre og Romsdal er bokbåten gratis for kommunane. I Sogn og Fjordane var båten hausten 2004 delvis nytta i samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal satsing på formidling av kunst og kultur i grunnskulen. Det er eit samarbeidstiltak mellom Kultur- og Kyrkjedepartementet og Utdannings- og Forskningsdepartementet. Innstilling S. nr. 50 (2003-2004) og St.meld. nr. 38, som vart vedteken i statsråd 6. juni 2003, gir retningsliner for satsingsområder og gjennomføring av Den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunen har fått ansvar for å gjennomføre tiltaket, i nært samarbeid med fylkesmannen (utdanning). Staten sin del av finansieringa kjem frå avsetning av overskotet til Norsk Tipping.

Hovudutval for kultur handsama *Utviklingsplan for Den kulturelle skulesekken 2004-2007* (HK-sak 34/04) og gjorde der vedtak om at Den kulturelle skulesekken skal utviklast til å bli hovudsatsinga i skule/kultursamarbeidet i Sogn og Fjordane dei komande åra. Utviklingsplanen (vedlegg 3) er ein felles plattform som er utvikla i eit samspel mellom fylkes- og kommunenivået. Planen legg til grunn ei varig, samordna satsing for kunst og kultur i grunnskulen, med fylkeskommunen som pådrivar. Dette skal vere eit tiltak som gir alle grunnskuleelevar i fylket ein "kulturell sikringskost" gjennom m.a. turnear med profesjonelle

utøvarar i regi av fylkesleddet, og utvikling av lokale tiltak i regi av kommunane, evt gjennom interkommunalt samarbeid.

Frå oppstarten i Sogn og Fjordane våren 2002 har det pågått ei årleg opptrapping av tilbodet, og frå og med skuleåret 2004/2005 er alle kommunane i Sogn og Fjordane, dvs. 15 578 elevar, ein del av fylkestilbodet, eller "sikringskosten". Frå oppstarten i 2002 har den statlege løyvinga til Sogn og Fjordane auka frå kr. 250 000 til vel kr. 4 400 000 (skuleåret 2005/2006). Fylkeskommunen sin del av spleiselaget (kr. 800 000) vert dekkja gjennom løyvingar frå utviklingsmidlane.

1/3-del av det statlege tilskotet vert fordelt direkte til kommunane, i samsvar med sentrale føringar. Kommunane må utvikle ein 3-årig plan for det *lokale* skule/kultur-samarbeidet. Planen skal vise korleis kommunane legg til rette for, og sjølve bidreg til Den kulturelle skulesekken.

Andre opplysningar

Bokbåten og bokbussen kjem til enkelte stader i fylket etter avtale med kommunane. Den kulturelle skulesekken når alle grunnskuleelevane i fylket med sine tilbod, både dei tilboda som vert tilbydd frå fylkesnivået, og dei tilboda kommunane sjølve vel å prioritere.

Det er likevel slik at den desentraliserte skulestrukturen inneber ei ekstra utfordring i gjennomføringa av kulturformidlingstilboda i Den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane. Sjølv om målet er at alle skal få tilboda på sin skule, er det ofte profesjonelle tilbod som krev scenetilhøve, som gjer at ikkje alle tilboda kan turnere til kvar einskild skule. Små skular med låge elevtal er eit anna argument for at ein del elevar må ha buss-skyss for å få del i kulturopplevingar. Dessutan ønskjer stadig fleire skular å nytte kvalitetstilboda som regionmusea tilbyr, som ein positiv følgje av auka fokus på kulturarven. Skyssutgifter kan i mange tilfelle vere eit hinder for elevane til å ta del i gode tilbod. Det vert arbeidd innan den økonomiske ramma for Den kulturelle skulesekken å finne løysingar på skyssproblematikken.

3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Fylkesrådmannen oppfattar at intensjonen i Fylkestinget sitt vedtak i des -04 går på å ta vare på innhaldet i tenesta som bokbåten tilbyr (utlån av bøker, kulturtilbod). Med den store satsinga på kulturformidling gjennom Den kulturelle skulesekken, er det etter fylkesrådmannen si vurdering eit godt høve til å sjå dei tenestene som bokbåten tilbyr inn under ein "skulesekkparaply".

Den kulturelle skulesekken – mobil bibliotekeneste

Intensjonane med Den kulturelle skulesekken er at barn og unge skal møte kunst og kultur av høg kvalitet i skulekvardagen. Innan ramma av Den kulturelle skulesekken tilbyr fylkeskommunen profesjonelle kulturtilbod til alle grunnskulane i fylket gjennom turneopplegg (jfr. tilbodskatalogen, vedlegg 4). I tillegg overfører vi 1/3 av den samla løyvinga fylket får til kommunane for at dei skal kunne utvikle eit lokalt innhald i skulesekken. Bokbussen og bokbåten har mange stader stopp knytte opp til skulane, enkelte stader ikkje. Alle tilboda (boklån, kulturprogram) på bokbåten er opne for alle. Frå fylkeskommunen si side er det eit ønske primært å nå barn og unge med desse tilboda. Difor vil stopp knytte til skular og/eller barnehagar ha førsteprioritet. Dette må likevel ikkje utelukke andre frå å få tilgang vis ønskjeleg.

I styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken på fylkesnivå sit Utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen, Høgskulen, kommunane (kultur- og skulefagleg kompetanse) og fylkeskommunen. I kommunane skal det vere lokale kulturforum med skule- og kulturfagleg kompetanse på kommunalt nivå. Både lokalt og på fylkesnivå er det såleis etablert fora som vil kunne drøfte, ta stilling til, og følgje opp arbeidet med litteraturformidling til barn og unge i ein "skulesekksamanheng".

Forfattarbesøk, litteraturformidling og ulike typer lesestimulerings tiltak vil vere naturlege ingrediensar i Den Kulturelle Skulesekken. Det same vil t.d. spesielle kampanjar der målet er å motivere barn og unge til meir lesing av skjønnlitteratur vere.

Fylkesmannen administrerer tiltaksplanen "Gi rom for lesing! Strategi for stimulering av leselyst og leseferdighet 2003-2007". Gjennom dette fordeler han m.a. stimuleringsmidlar til kommunane til satsinga, for skuleåret 2005 – 2006 utgjer dette kr. 374 000 til kommunane. Midlane i denne runda skal brukast til arbeid med å utvikle kompetanse i bruk av skulebibliotek og stimulere til leselyst og lesedugleik hos elevane. Fylkesmannen oppmodar til samarbeide med, og å sjå tiltaka i samanheng med Den kulturelle skulesekken, og viser til at midlane til kvar kommune frå Den kulturelle skulesekken også kan brukast til lesestimulerings tiltak.

Litteraturformidling i Sogn og Fjordane

I utgreiinga "Litteraturformidling i Sogn og Fjordane" (vedlegg 1) vert det foreslått ulike strategiar som både enkeltvis og samla vil kunne gi eit løft for litteraturformidling til barn og unge i fylket. Strategiane er:

1. Utvikle eit "Forum for leselyst"
2. Utvikle mobil bibliotekteneste
 - a. Intensivere kulturtilbodet på bokbåten
 - b. Lesebuss for barn og unge
3. Stimulere til betre skulebibliotek
4. Litteraturleir for ungdom
5. Interaktive nettsider for barn og unge
6. Presentasjon av lokale forfattarar

Dei skisserte strategiane samlar viktige satsingar på litteraturformidlingsområdet framover. Dei viser også at dette feltet er sentralt i ein utvida skulesekksamanheng.

Det kan også vere relevant å vise til at det er eit arbeid på gang sentralt for å sjå på strategiar framover for utviklinga av biblioteksektoren generelt i Noreg. Det er venta ein rapport på dette varen 2006.

Vidare bokbåt drift i Sogn og Fjordane?

Det springande punktet no er likevel knytt til spørsmålet om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal fornye avtalen om leige av bokbåten eller ikkje. Som det går fram av vedlegg 2 har båten hatt 29 stoppestader i fylket varen 2005. Tal stoppestader har vore relativt stabilt/svakt nedgåande dei siste åra. Det er kommunane som tingar båten til dei enkelte stadane, og betalar for stoppa (kr 1280 pr stopp a 1 time). Brukarane av bokbåten er i hovudsak skular og barnehagar. I tillegg har også lokalbefolkninga generelt nytta seg av dei tilboda båten har hatt. Bokbåten har såleis vore ein reell kulturformidlingsarena der han har hatt sine stopp. Om bokbåten forsvinn fell barn og vaksne sin tilgang til bøkene og utlån av bøker på båten bort, i tillegg til kulturprogramtilbod for vaksne.

Bokbåten er eit unikt tilbod til dei som får nytte godt av dette. Som utgreiinga viser, kan båten også utnyttast betre, t.d. i samband med turnear i regi av Den kulturelle skulesekken. Det er likevel ikkje til å komme forbi at båten også har sine klare avgrensingar i høve omfang på dei tilboda som kan sendast med båten. Dersom båten skal vere utvalskriterium for kva tilbod som kan nå den enkelte skule, vil dette kunne avgrense desse vala på ein uheldig måte.

Bokbåten har i mange år vore eit innarbeidd samarbeidstiltak mellom Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Ei avvikling av denne tenesta i Sogn og Fjordane vil såleis også vere avvikling av eit samarbeidstiltak med to av dei andre vestlandsfylka. Møre og Romsdal har gitt signal om at dei ønskjer å investere i nytt inventar i båten i 2005, noko som tyder på at dei satsar vidare på dette tiltaket. Det vil likevel etter fylkesrådmannen si vurdering vere fullt mogleg å ta vare på og vidareutvikle innhaldet i tenesta i eit nært samarbeid med kommunane og andre involverte partar uavhengig av båten.

Økonomi-/budsjettkonsekvensar

Saka har sitt utgangspunkt i det arbeidet som vart gjennomført i 2004 der det vart vurdert ulike innsparingskrav på alle sektorane. Avvikling av bokbåten vart då sett fram som eit konkret forslag som ville gje ei innsparing i 2005 på 0,350 mill kroner, aukande til 1,0 mill kr i 2007. Den foreslåtte innsparingssummen er lagt inn att i budsjettet for 2005, men det er ikkje lagt inn løyvingar i økonomiplanen.

Dersom Fylkestinget skulle velje å fornye avtalen med bokbåten, må det tilførast naudsynte midlar (om lag 0,7 – 1,0 mill kroner) i budsjettet for 2006 og i økonomiplanen for 2006-2009.

Dersom fylkestinget legg inn ei styrking av kulturramma i økonomiplanen (2006 mv) utan å fornye bokbåtavtalen, bør hovudutval for kultur få fullmakt til å disponere dei samla midlane innan den kulturelle skulesekken.

Personalpolitiske konsekvensar

Fylkesrådmannen vil peike på at det ikkje vil ha personalmessige konsekvensar om fylkeskommunen ikkje fornyar avtalen om bokbåten

Andre konsekvensar

Dersom bokbåten forsvinn frå fylket, vil det vere ein del lokalsamfunn som misser eit populært kulturtilbod dei har hatt over lang tid. Det har ikkje vore tid til å drøfte innhaldet i utgreiinga med dei kommunane som vert omfatta av endringa dersom bokbåten forsvinn. Fylkesrådmannen vil difor ta initiativ til at det vert drøfta med kommunane korleis dette evt kan kompenserasst.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at rapporten "Litteraturformidling i Sogn og Fjordane" vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med litteraturformidling til barn og unge i fylket. Arbeidet må sjåast i samanheng med, og samordnast med arbeidet med Den kulturelle skulesekken lokalt og regionalt, og utviklast og gjennomførast i nært samarbeid med kommunane, fylkesmannen sin utdanningsdirektør, Høgskulen og andre aktuelle instansar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune fornyar ikkje avtalen om bokbåten.

Dei budsjettmessige vurderingane vert å komme attende til i samband med budsjett 2006/
økonomiplan 2006-2009.